



## Møtedeltakarane

Saksnr	Løpenr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref
16/109-6	12609/18	033 A	OPP/KUSK/KMY463 5	

## SAMARBEIDSUTVALET (SU) - KLEPP UNGDOMSSKULE

### Til stades

#### Innkalla og møtt:

FAU: Stig Erlend Eidså, Gunvald Falkum, Nina Karin Egge Bekkeheien (SMU)  
Politisk representant: Frode Salte  
Tilsette: Frøydis Kyllingstad, Bente Siri Ims  
Elevråd: Maame Yeboah, Thea Rosland  
Kommune: Konst.rektor Kjetil Myklebust

### Ikkje møtt/forfall

Kopi til Trond Roy Pedersen,

### Møtestad og tid

## Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet referat frå møte

Mandag 9.april 2018 kl 1730-1900, Klepp ungdomsskule:

### Saker SU:

#### 1. Status utviklingsplan 17/18:

Læringsbrett, klasseleiing, vurdering for læring (VFL). Det som er med på skulen sin utviklingsplan er påverka av kommunale satsingar (iPad), nasjonale føringar dei siste åra (ungdomstrinn i utvikling), samt skulen sine vurderingar av eigne behov. Jærskulen er også ein drivar i dette arbeidet.

#### Korleis ligg skulen an ift satsingane?

Læringsbrett: Her er vi kome noko ulikt, men skulen er stort sett nøgd med nivået.

Innspel på møtet: Oversiktleg, lettare å halde styr på lekser. Showbie er det som personalet er mest nøgde med. Der får ein samla mange elevarbeid, lekser, innleveringar. Variert bruk av læringsmetodar, m.a lydfiler, video, skrift og andre typar filer. Foreldre ser at det å følge med på leksearbeid er lettare med tilgang til Showbie.

Det er viktig med tydeleg klasseleiing, når skal brettet brukast og kva skal det brukast til. Det er i timane mulig å gjere andre ting enn ein skal av og til, og fristelsane er der. Kanskje blir gutane lettare distraherert av andre ting enn jentene?

Klasseleiing: Dette har vore satsing for skulen i mange år, og ein ser at dette bærer frukt. Samtidig er det viktig å halde på dette for å skape ein felles kultur.



Vurdering for læring: Dette har skulen vore innom tidlegare, men sett det skikkeleg på dagsorden dette året. Områder det vert jobba med er eigenvurdering, metalæring (korleis lærer eg?), men også varierte vurderingsmetodar og rett mengd vurderingar. Trinna har prøveplanar for å fordele prøver og andre vurderingar utover i semesteret og det er større medvit rundt det å begrense antall vurderingssituasjonar.

Elevane seier at enkelte legg mykje press på seg sjølve og seg imellom. Det er viktig å arbeide med eit klassemiljø der ein har ein kultur for å hjelpe kvarandre, gjere kvarandre gode, uavhengig av kva karakter ein får.

## **2. Elev- og foreldreundersøkingar:**

Skulen hadde god deltaking på foreldreundersøkinga, sjølv om det av ulike grunnar vart ein begrensa variant av undersøkinga. Vi kjem til å satse på utsending per SMS til hausten også.

Undersøkingane har vore gjennomgått i personalet, FAU og elevrådet.

Resultata er stort sett positive. Dette er dei områda som skulen tar med vidare som forbetningsområde: Elevmedverknad (medverknad i arbeidet med fag), og uro i timane.

Elevmedverknad handlar om at elevar er med å påverke korleis ein skal arbeide med læringsmåla.

På tema «uro i timane» skårar KleppU omtrent på nivå med resten av fylket og landet, men med tanke på skulen si satsing på klasseleing dei siste åra, er skulen ikkje nøgd med skåren på dette.

Ein har sett på om det er skilnader mellom klasser og trinn, og det kan det verke som det er. Det er viktig å vere medvitne på at elevar, som tilsette, er ulike på kva ein syns er eit greit lydnivå. Men, med tanke på at elevar er forskjellige, må ein skuledag innehalde ulike typar undervisning, også stille periodar.

I tillegg til obligatoriske spørsmål i elevundersøkinga, valgte skulen å inkludere spørsmål om nettvett og nettmobbing. Dette ønskjer vi å fortsette med framover for å ha samanlikningsgrunnlag over fleire år.

## **3. Personalsituasjon:**

Marit Sørensen er tilbake i jobb, men startar ikkje som rektor før i august 2018. Kjetil er konstituert ut dette skuleåret. For neste skuleår har skulen valgt å i nokon grad oppjustere andel lærarar på bekostning av andre tilsette (fagarbeidarar/assistentar). Dette for å ha nok faglærarar i ein periode der mange lærarar søker og tar vidareutdanning gjennom KFK (kompetanse for kvalitet) gjennom vikarordning der dei går ireduserte stillingar.

## **4. Økonomi:**

Vi er i rute, men det er noko usikkerthet rundt reell kostnad ifm KFK, samt digital satsing. Her må skulen bruke meir midlar enn planlagt på ekstra læringsbrett, samt reparasjonar av skada brett.

## **5. Div info:**

Læringsbrett - skadeerstatning:

Skulen har lagt seg på ei streng linje i tolking av iPad-avtalen, og sender faktura til elev/heim når skulen meiner at elev har opptrådd uaktsomt og læringsbrett er blitt skada. Største sum som blir fakturert er ca 1500,- men reell kostnad for reparasjon kan gjerne vere det dobbelte. Skulen ønskjer å fokusere på kor viktig det er å ta skikkeleg vare på felleskapet sine eigedeler og elevar sitt ansvar for læringsmidla, enten det er skulebygning, bøker eller læringsbrett.

SU vil gjerne spele inn at ein synes det burde vore felles retningslinjer for dette i kommunen. Med ein så stor investering bør ein også vurdere felles forsikring. Viss det er økonomiske grunnar for ikkje å gå inn i ein forsikringsavtale, kan ein ikkje skjønne det. Ein forsikring vil også måtte ha ein eigenandel, men dette ville vere lettare å forsvare enn dagens praksis, som også varierer for mykje mellom skulane.

- Visma Flyt: God erfaring med at foreldre kan logge seg inn. Ein kan også overføre noko meir ansvar til foreldre, der det er dei som tar kontakt om det er noko dei lurar på ift anmerkningar og anna, istadenfor at lærarar skal bruke mykje tid på kontakt med heimane.

- Schoollink/mobilskole: KleppU har brukt Mobilskole i fleire år, og hadde ein avtale med desse då Schoollink vart innført. Denne vil skulen også ha neste år. Schoollink har fungert fint, men har mangla mulighet til å sende meldingar til elevar. Dette har fungert betre med Mobilskole. Ein vil

difor måtte forhalde seg til begge løysingar fortsatt. Schoollink vert reforhandle frå kommunen hausten 2018.

- Ny ungdomsskule på Kåsen/Varheia: Det vart samtalt rundt innspel som har kome om korleis Klepp u. skal forhalde seg til overgangen når ny skule er klar. Innstilling er at ny skule startar med 8. og 9. trinn, og at dei elevane som har gått 2 år på Klepp u. skal fortsette der også 10. trinn. Elevrådet har spelt inn at ein må avklare kva fritt skuleval vil seie i ein slik situasjon.

### **Saker SMU:**

#### 1. Mobbelogg-trivselslogg:

Viktig å halde på denne, men også viktig at elevane seier ifrå. Må lære å sette grenser for seg sjølv. Miljøterapeut/sosiallærarar har viktig rolle på skulen.

#### 2. Nettvett:

Viktig område å ha fokus på framover. Skulen har hatt opplegg med Barnevakten, samt hatt kurs for personalet.

Skulen har kontakt med politi og ein avtale om foreldrekveld med dette temaet til hausten, gjerne i samarbeid med FAU. Viktig å vere bevisst på at elevane kan mykje om dette, ofte meir enn foreldre.

#### 3. Uteområde

Søknad uteområde vart innvilga og arbeidet er i gang. Det blir fast dekke på sandvolleybanen mot vest, samt gummidekke og klatrestativ. Planen er at det er ferdig iløpet av våren. Dette trur vi blir populært.

FAU seier at dei godt kan bruke litt pengar på å auke uteaktiviteter om det er behov for det.

Elevrådet kan søke FAU.

Evt.

Det blir no prøvd ut med kortautomat i kantina. Dette tar litt meir tid i betalingskøen, men fungerer elles bra.

Klepp kommune, 20.04.2018

Kjetil Myklebust  
Referent